



DOVRE KOMMUNE

## **Nytt Ordensreglement for grunnskolen i Dovre kommune, gjeldande f.o.m. 15.09.2019**

**Heimel:** Fastsett av kommunestyret i Dovre den 2. september 2019 med heimel i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, § 9A-10.

### **§ 1 Formål**

Reglementet skal bidra til at elevane i grunnskolen i Dovre kommune har eit trygt og godt skolemiljø, opplever trivsel og får eit godt grunnlag for læring og personleg utvikling.

### **§ 2 Virkeområde**

Ordensreglementet gjeld for all aktivitet i skolens regi i og utanfor skolen. Aktivitetar utanfor skolen er t.d. skoleturar og leirskole. Reglementet gjeld også på skolevegen og for skoleskyssen, der eventuelle tiltak føreset at skolen blir gjort kjend med brot på reglane.

Ordensreglementet kan også gjelde i samband med mobbing og andre krenkingar som skjer utanfor skolen sitt område og utanom skoletida, i det digitale rom eller på annan måte. Dette vil kunne bli sanksjonert etter ordensreglementet dersom det har sterk nok tilknytning til skolen og skolemiljøet.

I tillegg til dette reglementet, skal det utarbeidast

- a) trivselsreglar for den enkelte klasse og/eller skole
- b) vedtekter og ordensreglement for skolefritidsordning og leksehjelp.

### **§ 3 Omsynet til barnets beste og elevens rett til å bli høyrd**

I alle saker som blir behandla etter dette reglementet, skal barnets beste vera eit grunnleggande omsyn. Skolen skal også ivareta eleven sin rett til å bli høyrd.

### **§ 4 Vurdering av eleven sin orden og åtferd**

Vurderinga av orden og åtferd skal foregå ut frå reglane om orden og åtferd i dette reglementet. Orden og åtferd skal ikkje vurderast ut frå andre vurderingsgrunnlag enn dette.

Karakterane i orden og åtferd vil som hovudprinsipp bli sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også bli sett ned ved enkelthendingar dersom det gjeld eit spesielt grovt brot på reglementet.

### **§ 5 Reglar for orden**

Gjeld skolearbeidet. Eleven skal

- møte presis
- vere på skolen og delta i opplæringa heile skoledagen
- følgje reglane for melding av fråver
- møte førebudd til opplæringa
- ha med nødvendig utstyr
- gjera arbeid til rett tid og halde fristar både i timar på skolen og ved heimearbeid
- halde arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga
- ta vare på alt som tilhøyrer skolen, ute og inne, og stelle pent med skolebøker og anna materiell
- ta godt vare på personlege eigedelar. Telefonar skal låsast inn når det er mogleg.

- unngå å ta med verdisaker til skolen. Verdisaker blir ikkje erstatta av skolen. Døme på verdisaker er pengar, betalingskort og elektroniske artiklar
- elevane får ikkje bruke mobiltelefon eller anna digitalt utstyr i timar utan godkjenning frå læraren eller der det er ein del av det pedagogiske opplegget i undervisninga
- elevane skal berre bruke skolens internett i samband med undervisninga og berre i samråd med læraren
- elevane får ikkje ta med seg søtsaker eller drikke inn i timane utan at læraren har gitt anledning til det.
- elevane får ikkje lov til å vere utanfor skolens område i skoletida utan læraren sitt samtykke
- fråvere: Alt fråvere skal vere dokumentert
- fråvere, planlagt: Føresette skal be eleven fri på førehand. Det skal skje på skolens digitale plattform
- fråvere, ikkje planlagt, t. d. ved sjukdom: Skolen skal ha beskjed så raskt som mogleg. Det skal leverast skriftleg melding på skolens digitale plattform

## § 6 Reglar for åtferd

Gjeld eiga framferd og tilhøvet til andre.

Eleven skal

- gjera det ho/han kan for at andre skal trivast på skolen
- behandle medelevar, tilsette og andre med respekt uansett kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne og seksuell orientering - dette gjeld også i digitale medier
- vera til stades i opplæringa
- rette seg etter beskjedar frå skolens tilsette
- vise nettvett og følgje skolen sine reglar for bruk av mobiltelefonar og anna digitalt utstyr
- ta godt vare på skolen sine eigedelar
- halde områda i og ved skolen reine og ryddige

Eleven skal ikkje

- mobbe eller på andre måtar krenke andre
- utøve eller true med vald
- jukse eller prøve å jukse
- ha med, bruke eller vera påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmidlar
- røyke eller bruke tobakk/snus
- bruke plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet
- ha med og/eller bruke farlege gjenstandar
- utøve skade eller hærverk på skolen sine eigedelar eller bygningar

## § 7 Inndraging av gjenstandar

Ulovlege gjenstandar skal inndragast og overlatast til politiet. Gjenstandar (eksempelvis mobiltelefonar) som blir brukt i strid med reglementet, kan midlertidig takast vare på. Det same gjeld dersom eleven har med seg gjenstandar som etter dette reglementet, ikkje blir akseptert.

## § 8 Reaksjonar ved brot på reglane for orden og åtferd

I Dovre vil vi nytte desse reaksjonane ved brot på reglane for orden og åtferd:

- a) munnleg tilrettevising
- b) merknad på orden/åtferd
- c) skriftleg melding til elev, ev. også foreldre/føresette
- d) pålegg om samtalar med rektor
- e) pålegg om å utføre oppgåver for å rette opp skadar som eleven er ansvarleg for, bae delar før eller etter skoletid
- f) bortvisning frå undervisninga for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar (oppl. § 9A-11)
- g) bortvisning for resten av dagen (oppl. § 9A-11)
- h) bortvisning fra undervisningen for lengre tid enn resten av dagen
  - o inntil tre dagar på 8.-10. årstrinn (oppl. § 9A-11)
- i) midlertidig eller permanent skolebytte (oppl. § 8-1)

Fysisk refsing og kollektiv avstraffing er ikkje tillate.

Eleven pliktar å følge opp/gjennomføre ilagte reaksjonar. Ved manglande oppfølging/gjennomføring, kan eleven illegast nye reaksjonar.

### **§ 9 Melding til politiet av straffbare tilhøve**

Skolen vil normalt anmelde straffbare tilhøve til politiet. For mindre alvorlege tilhøve skal skolen foreta ei konkret vurdering av om det er hensiktsmessig å anmelde.

### **§ 10 Erstatningsansvar**

Ved skade eller skadeverk på skolen sin eigedom eller utstyr, kan eleven og/eller eleven sine foreldre/føresette bli haldne erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell.

### **§ 11 Saksbehandling ved bruk av reaksjonar**

Ved bruk av reaksjonar, gjeld desse saksbehandlingsreglane:

- Skolen skal sørge for at avgjerda blir tatt på eit forsvarleg grunnlag.
- Eleven har rett til å forklare seg muntleg for den som skal ta avgjerda. Skolen skal sørge for at eleven får snakke med nokon han/ho stolar på og i ein situasjon som blir opplevd trygg.
- Avgjerda skal grunngjevast (ved avgjerder av særleg betydning, skal grunngjevinga gis skriftleg).
- Før avgjerd om bortvisning blir tatt, skal skolen ha vurdert om det er mogleg å bruke andre reaksjonar eller hjelpetiltak.
- Rektor avgjer om reaksjonane i § 8 d), f) og g) skal nyttast. Rektor eller den rektor delegerer det til, avgjer om reaksjonane i § 8 a), b) c) og e) skal nyttast. Oppvekstsjef avgjer om reaksjonane i § 8 h) skal nyttast.
- I alvorlege saker skal mindreårige sine foreldre/føresette varslast så langt det er mogleg. Før føresatte blir varsla, skal eleven ha blitt høyrte i trygge omgjevnader.
- Foreldre/føresette til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvisning for resten av dagen.
- Reaksjonane i § 8 f) til h) er å forstå som enkeltvedtak, og må i tillegg følgje saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

### **§ 12 Iverksetting av forskrift**

Denne forskrifta trer i kraft frå 15.09.2019. Samtidig blir forskrift av 01.11.2010 om ordensreglement for grunnskolen i Dovre kommune, oppheva.